

Skolebibliotek

Prosjektmidlar til skulebibliotekutvikling

Universitetet i Agder skal gjennomføre Program for skulebibliotekutvikling på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Programmet er ei statleg satsing for å utvikle grunnskulebiblioteka som læringsarena og pedagogisk ressurs.

Grunnskular kan søkje om midlar til praksisnære prosjekt der målet er å styrkje skulebiblioteket som verktøy i leseopplæring og i undervisning ifag.

I programmet inngår etterutdanning av prosjektdeltakarane i form av obligatoriske kurs og nettbasert rettleiing. Deltakeravgifta til kursa vert dekt av Universitetet i Agder.

Det er skuleeigar som sender søknaden. Informasjon om programmet, søknads-skjema, søkerettleiing og kriterium for vurdering av søknadene finn de på nettstaden www.skolebibliotek.uia.no

Søknadsfrist er 15. mars 2011. Søknaden skal sendast elektronisk til skolebibliotek@uia.no

Berre søknader som vert leverte elektronisk, vert vurderte.

Beste helsing

Siri Ingvaldsen
Fagleg leiar
e-post: siri.ingvaldsen@uia.no
tel 38 14 20 16

Anne Kari Slettan
Prosjektkoordinator
e-post: anne.k.slettan@uia.no
tel 38 14 11 75